

Vestland fylkeskommune

19.09.2020

v/ Utval for samferdsle og mobilitet

Postboks 7900

5008 Bergen

### **Uttale til stengingsregime for Fv 613 Gularfjellet**

Konklusjon:

Fjordane Grendalag syner til høyring om mogleg tidlegare stenging og seinare opning av Gularfjellet. Grendalaget er for gredene innanfor Dragsvik i Balestrand til foten av Gularfjellet. Me er svært uroa over framlegget og ber innstendig om at stengingsperioden ikkje vert utvida, men at ein heller fokuserer på å få på plass mobildekning for heile strekninga slik at beredskapen kan betrast.

Bakgrunn

Fjordane Grendalag arbeider mellom anna for vekst og utvikling i området. Utvida stenging opplevest som eit stort tilbakesteg for innbyggjarane. Det betyr mykje å kunne kjøre over fjellet når ein skal nordover. Sentralsjukehuset i Førde er vårt lokalsjukehus, ein kjøyretur på ca.1 ½ time. Reisetid via Vadheim må plussast på med 1 time.

Innbyggjarane må møte der til innleggelse, kontrollar, behandling. Reising er strevsamt for innbyggjarane våre som går til langvarig behandling. Legevakta er og i Førde.

I den tida vi forventar att vegen skal vere open kan vi ikkje godta lenger stenging. Vi har arbeid for tidlegare opning for det gagnar innbyggjarane betre.

Forstår att Statens Vegvesen legg vinteren 2019 / -20 til grunn for si tilråding. Vi vil hevde att dette ikkje har vore eit normalår og gir eit skeivt bilde av tidsrom open veg /stenging. I 2019 vart vegen opna til påske/ palmehelga, 15.april var det skirenn på fjellet for dei som bur på begge sider av fjellet. Innbyggjarane aksepterer stenging når det er nødvendig. I 2020 forventar vi att därleg mobildekning må vere ein sjølvsagt ting å få forbetra.

For jordbruksnæringa er det av stor betydning att fjellovergangen er stengd i kortast mogeleg tid. Det er samarbeid mellom bøndene på begge sider av fjellet, som Rekoring, værarering, felles møtesamarbeid. Det er og arbeidspendling nordover og sørover over fjellet.

For aksen Balestrand – Førde er turisme eit satsingsområde. Vegen over Gularfjellet, fylkesveg 613, er ein nasjonal turistveg. Det er gjort store investeringar og oppgraderingar av denne vegen som «Utsiktpunktet» oppe på fjellet, samt rasteplassar, serveringsstadar, campingplass langs vegen. Kortare opningstid vil sende feil signal til turistnæringa. Turistane kjem tidleg om våren til våre bygder og stengd veg gir ikkje godt renommee.

Fjellet er eit viktig utfartsområde på alle tider av året. Her finn ein fine turvegar som Fossestien, det er fjelltoppar å gå til, og dei som har hytter i området vil gjerne nytte dei.

Vi er sterkt i mot dei føreslegne endringane og håpar fylkespolitikarane ser heilskapen for området inkludert turstnæringa og den betydninga fylkesveg 613 har for oss.

Fjordane 19.09.-20

For styret i Fjordane Grendalag, Ingrid Menes, leiar

